Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Folkelege musikkinstrument.

Oppskr. av: Olav Furuset.

(adresse): Jømna st.

Fylke: Hedmark.

Herad: Elverum.

Bygdelag: Glåmdalsmuseet.

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Lurar av bjørkenever.

1. Var dette lurar med ei kjerne av tre med never utanpå, eller var desse lurane berre surra av never.

Svar: Det var støtt lurar med ei kjerne av tre med never surra utanpå.

2. Kor lange kunne desse lurane vanlegvis vera ?

Svar: Dei lurane ein har på Glåmdalsmuseet frå Elverum er 1,30 m. , og det har vore det vanlege meiner gamle folk i bygda her.

3. De nemner halmstrå i samband med luren. Korleis var det festa, korleis var det spalta?
Svar: Opplysningen om halmstrå i samband med luren fekk eg ~~xxxxxxxxx~~ i Flisberget i Elverum. Dit er det ca. 5 mil, og eg har diverre ikkje tid til å reise dit nå. Det kunne kanskje let seg gjera å spørje ~~Xx~~ den som nå er lærar i Håberget om dette . Eg kjenner han ikkje , og veit heller ikkje om han har interesse for slike ting. Men i fall Dykk vil skrive til han og be han skaffe opplysningar om dette , er adressa: lærar Nic. Henry Lie. Håberget skole. Kjernmoen på. Den han må spørja er: Alfred Olastuen i Flisberget.

Eg kan til slutt nemne at kjernen i lurene ofte var av einer. Denne opplysningen har eg fått av fru Olea Høversdalen, Glåmdalsmuseet. Ho hadde ofte høyrd det av gamle folk som ho hadde synt omkring på museet.

9192

2-

T6

Hed.
Elverum

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

I Deres svar på spörreliste nr.6
"Folkelege musikkinstrument" nevner De dette
instrument:

1) Lur av björkenever med eit spalta.hålmstrå for å skapa
lyd når ein bles.

For å få klarlagt enkelte spörsmål,og også få
tatt et foto av nevnte instrument för det blir
ödelagt,ville vi være takknemmelig om De hadde
anledning til å skaffe oss et eksemplar.
Dersom De har utlegg vennligst gi opplsyning
om det så skal det bli refundert.Portoen vil ~~vi~~
i alle tilfeller bli refundert.

Jeg kan dessverre ikke skaffe noe eksemplar av den luren
det er tale om .Når jeg har nevnt den tidligere er det som
resultat av opptegnelser jeg har gjort etter eldre folks fortelling.

Jømna st. 15. juli 1955.

Olav Furuset.

10960